



Surnadal kommune

Areal- og naturforvaltning

NVE - konsesjonsavdelingen

Dykkar ref:

Vår ref
2009/1655-115

Saksbehandlar
Bodil Gjeldnes

Dato
23.05.2017

Innspel til revisjonsprosessen for Folla-Vindøla-reguleringa

Vi viser til pågåande prosess for revisjon av konsesjonsvilkåra i Folla-Vindøla-reguleringa i Surnadal og Rindal kommunar. Dei sentrale dokumenta frå kommunane si side er kravet om revisjon frå juni 2011 og merknaden til regulanten Statkraft sitt revisjonsdokument frå oktober 2014. Fiskeraksjonen for Surna leverte eige krav om revisjon i 2008, og har ved fleire seinare høve vist engasjement i saka. Kommunane og Fiskeraksjonen i fellesskap finn på noverande tidspunkt grunn til å understreke dei viktigaste punkta frå desse dokumenta, og som dermed er av særleg stor betydning for å ivareta dei allmenne verdiane i Surnavassdraget. Almenne verdiar er først og framst laks, sjøaure og øvrig akvatisk miljø, dvs. naturmangfoldet og dei naturlege prosessane i vassdragsnaturen. Like viktig er fiske som friluftaktivitet.

Vi vil først understreke at formålet med ein vilkårsrevisjon er modernisering og tilpassing av konsesjonsvilkåra til dagens samfunnsforhold, og især samfunnet si verdsetting av miljøkvalitetar. Korleis miljøkvalitetar knytt til vassdragsnatur blir vurderte i dag kjem til uttrykk i t.d. naturmangfoldlova og vassforskrifta. I tillegg har Stortinget gitt Surna status som Nasjonalt laksevassdrag som skal gi ein særleg beskyttelse. Etter vårt syn vil noko redusert kraftproduksjon og større fare for flaum være ein nødvendig og naturleg konsekvens ved tilpassing til desse lovverka.

Minstevassføring i Surna ovanfor Trollheim kraftverk

Det første og klart viktigaste kravet frå kommunane er innføring av minstevassføring i områda ovanfor Trollheim kraftverk. Ved ei tilstrekkeleg minstevassføring her kan produksjonen av laks og sjøaure i både hovedelva og sidevassdrag auke som følge av generelt betre gyteforhold ved

meir vatn, og større vanndekt areal. NINA rapport 1051¹ dokumenterer dette. Kravet om minstevassføring gjeld for alle sideelver ovanfor Trollheim kraftverk, dvs. Rinna, Bulu og Folla. Vi viser til presisering datert 26.10.2015 ettersendt merknad til Statkrafts revisjonsdokument. For mest mulig naturlege vassføringar vil vi poengtere at alle minstevassføringslepp må være konstante. Det motsette, dvs. adaptive minstevassføringar, er for oss svært dårlege løysingar då dei vil redusere dei positive verknadane av meir dynamiske og naturlege vassføring i dei uregulerte vassdragsavsnitta som konstant minstevassføring vil gi. Dette kan ikkje akseptast i eit nasjonalt laksevassdrag, og må nedfellast i nye konsesjonsvilkår.

Meir naturleg temperatur på tappevatnet frå Follsjø/Trollheim kraftverk

Eit anna sentralt krav frå kommunane er meir naturleg temperatur på tappevatnet frå Follsjø / Trollheim kraftverk. Problemstillinga og forslag til løysingar er vel kjente, men lite praktisert i Norge. NINA sine naturfaglege undersøkingar i Surna dei seinare åra stadfestar at tappevatnet gjør vatnet i Surna nedstrøms Trollheim kraftverk for kaldt om sommaren og for varmt om vinteren, noko som får klare negative konsekvensar for fisken si overleving og vekst. Den foreståande revisjonen av vilkår er ein sjeldan muligheit til å gjere noko med denne problemstillinga. Korleis dette skal skje er ikkje opp til oss å vurdere, men her finst fleire aktuelle tekniske løysingar.

Flaum om våren

Det er allment kjent at laksesmolt vandrar ut i havet ved stor vassføring seint om våren. Då er det svært uheldig at teknisk revisjon av anlegga i Trollheim kraftverk, som inneber stans i kraftverket, skjer i mai/juni nettopp i perioden for smoltutvandring. I denne tida er vatn både frå kraftverket (den regulerde delen av nedbørsfeltet) og restfeltet nødvendig. Er tilsiget frå restfeltet for lite skjer utvandringa mindre synkronisert, stimdanninga reduserast, med auka predasjon som sannsynleg utfall, noko som er svært uheldig. Årleg teknisk revisjon av Trollheim krafterk må derfor leggst til ei anna tid på året, sjøl om vi ser regulantens ønske om minst mulig produksjonstap.

Vi er kjent med Statkraft sitt brev til NVE datert 17.03.2017 kor fleire sentrale moment knytt til pågåande vilkårsrevisjon blir kommentert. I brevet blir stor vassføring i perioden for smoltutvandring framstilt som mindre viktig, med henvisning til NINA Rapport 1125². I rapportens kap. 4.1.1 *Vannføring under utvandring versus fangst* kjem det imidlertid tydeleg fram at data frå undersøkingane i Surna så langt er lite egna til å seie noko om betydninga av vassføringa ved smoltutvandring for overlevinga til smolten. Til det er teststyrken (datagrunnlaget) for dårleg. I kap 4.1.1 heiter det vidare at (sitat s. 27): «Det må gjennomføres spesifikke studier av overlevelse hvis en ønsker å belyse vannføringens betydning for overlevelse til smolt i Surna på en god måte (se for eksempel Fiske mfl. 2014). Ut fra beregningene av teststyreke kan vi derfor ikke utelukke at lav vannføring under utvandningsperioden kan ha en negativ effekt på smoltoverlevelsen ut av elva og i tidlig sjøfase». Vi ber NVE merke seg dette.

¹ Ugedal, O., Berg, M., Bongard, T., Bremset, G., Kvingedal, E., Diserud, O., Jensås, J.G., Johnsen, B.O., Hvidsten, N.A. & Østborg, G. 2014. Ferskvannsbiologiske undersøkelser i Surna. Sluttrapport for perioden 2009-2013. NINA Rapport 1051. 132s.+vedlegg.

² Ugedal, O., Berg, M., Bremset, G., Kvingedal, E., Jensås, J.G. & Østborg, G. 2014. Fiskebiologiske undersøkelser i Surna. Årsrapport 2014. NINA Rapport 1125. 47s

Det er også i dag flommar i Surnavassdraget, men dei er for få og små til å hindre at elvebotnen blir tilslamma med fint sandmateriale. Dette gjer den mindre egna til gyting og som levestad for yngel og ungfisk. Ei slik forbetring av forholda på elvebotnen vil være eit svært positivt tiltak i høve til naturleg gyting og overleving for fisk, og kan på sikt gjere dagens utsetting av kultivert smolt overflødig. Kultivert smolt som i dag blir sett ut i Surnavassdraget har svært dårleg overleving. Fleire og større flommar vil og motverke den aukane gjengroinga ein har observert i vassdraget dei siste åra.

Større minstevassføring i fiskesesongen

Minstevassføring i Surna nedstrøms Trollheim kraftverk er i dag etter privatrettsleg skjønn 15m³/s målt ved Harang. Faktisk minstevassføring i fiskesesongen er kring 20 m³/s, eit nivå som er godt nok for utøving av sportfiske. Både i kravet frå 2011 og i uttalen til revisjonsdokumentet frå 2014 legg kommunane vekt på denne problemstillinga. Minimum 20 m³/s konstant ut frå Trollheim kraftstasjon i fiskesesongen i juni, juli og august er dermed kommunane sitt konkrete krav. Då vil ei minstevassføring frå strekninga oppstrøms Trollheim kraftverk og tilsig frå restfeltet komme i tillegg og bidra til ei naturleg varierende elv. Vi vil presisere at det forhold at dagens minstevassføring i Surna nedstrøms Trollheim kraftverk er fastsett i privatrettsleg skjønn, ikkje kan være til hinder for at minstevassføring på denne strekninga blir tatt inn i nye konsesjonsvilkår når dei almenne interessene er så store som i dette tilfellet.

Bestemmelsar om moderat avtrapping ved endringar i vannstanden

Produksjonen i Trollheim kraftverk kan endre seg ofte og raskt i tråd med etterspørsel og pris i kraftmarknaden, og effektane på vassføringa i Surna nedstrøms utløpet av kraftverket er tydelege. Ved vassføringar under 50 m³/s blir vassstanden i dag ikkje senka med meir enn 13,5 cm pr. time, jfr. regulantens sjølvpålagte restriksjon. Undersøkingar av botndyrfaunaen i Surna viser likevel tydeleg forskjell på områda ovanfor og nedafor utløpet av kraftverket, og NINA sine undersøkingar i vassdraget tilskriv dei raske endringane i vassføringa som hovedårsaken. Botndyrfaunaen er av stor betydning i elveøkosystemet, då først og framst som føde for fisk. Kommunane sitt krav på dette området er at ei senking av vassstanden på maks 5 cm pr. time blir nedfelt i nye konsesjonsvilkår.

5-års prøvereglement

Kommunane og Fiskeraksjonen held fram kravet om 5-års prøvereglement og nedsetting av manøvreringsråd før nye konsesjonsvilkår blir endeleg fastsett. Regulantens argument om at dette ikkje er relevant og aktuelt ved revisjon av konsesjonsvilkår er vi ikkje enig i. Seinast ved fastsetting av nye konsesjonsvilkår for Selbusjøen og Dragstsjøen (minstevassføring frå Dragstsjøen) vart ein prøveperiode på 10 år vedtatt.

Nasjonalt laksevassdrag

Jfr. St.prp.nr. 32 (2006-2007) Om vern av villaksen og ferdigstilling av nasjonale laksevassdrag og laksefjorder har Surna status som nasjonalt laksevassdrag. Her skal summen av endringar i aktivitetane i vassdraget over tid ikkje medføre auka, men heller redusert risiko for villaksen. Vidare at tiltak for å redusere negativ påverknad i regulerte vassdrag må skje i samband med revisjon og fornying av vassdragskonsesjonar. Det er vårt klare syn at det er nettopp no problemstillingane kommunane og Fiskeraksjonen har påpeikt i sine krav må løysast.

Vi vil også føye til at i NVE og Miljødirektoratet si felles vurdering av vasskraftkonsesjonar som kan reviderast innan 2022 (Rapport 49/2013) er Surna plassert i høgaste verdikategori. Dette inneber at sannsynleg miljøgevinst ved endring i vassføringsregimet kan gi positiv samfunnsnytte vurdert i høve til kostnadane i form av redusert kraftproduksjon.

Regional plan for vassforvaltning for Møre og Romsdal 2016-2021

Plana vart godkjent av klima- og miljødepartementet i juli 2016 og målet er forbetring av økologien i vassforekomstar. I dei nasjonale føringane er det lagt til grunn at vassdrag med klårast potensial for miljøforbetring til lågast muleg kostnad skal prioriterast. Surna er her godt kvalifisert jfr. plassering i NVE og Miljødirektoratet si vurdering i rapport 49/2013. Surna inkl. Rinna er med i vedlegg 1 til den regionale plana. Dette er vassførekomstar med miljømål som kan føre med seg krafttap. Vassførekomstane her har miljømål som er høgare enn dagens tilstand, og treng derfor nye tiltak som kan føre med seg tap av kraftproduksjon.

Med helsing

Lilly Gunn Nyheim
Ordførar i Surnadal

Ola T. Heggem
Ordførar i Rindal

Kjell Ulf Lund
Fiskeraksjonen for Surna

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.